

## Bryne vgs

# Realfagslovnader på Idrettsfag og Medium og kommunikasjon

Motteke desember 2019

**Som elev på idrettsfag på Bryne vidaregåande skule** har du moglegheit til å ta enkelte realfag. I vg2 kan du velje matematikk R1 eller S1, og du kan velje vekk eitt idrettsfag (breiddeidrett, toppidrett eller friluftsliv) og ta fysikk 1 eller biologi 1. I vg3 kan du velje å ta matematikk R2 eller biologi 1 i staden for eitt idrettsfag (breiddeidrett, toppidrett eller friluftsliv). Med R1, R2 og fysikk 1 kvalifiserer ein til å studere ved mange realfagsstudium som t.d. ingeniørfag.

Moglege fagval på idrettsfag:

	<b>Obligatoriske fagval:</b>	<b>Valfritt programfag (5 timer):</b>
<b>Vg1:</b>	Matematikk 1P eller 1T	Toppidrett eller breiddeidrett
<b>Vg2:</b>	Matematikk 2P (3 timer) eller R1/S1 (5 timer)	Toppidrett, breiddeidrett, friluftsliv, fysikk 1 eller biologi 1
<b>Vg3:</b>		Toppidrett, breiddeidrett, friluftsliv, matematikk R2 eller biologi 1.

**Som elev på medium og kommunikasjon på Bryne vidaregåande skule** har du moglegheit til å ta enkelte realfag. I vg2 kan du velje matematikk R1 eller S1, og du kan velje vekk eitt mediefag (grafisk design, tekst eller bilde) og ta fysikk 1 eller biologi 2 i staden for. I vg3 kan du velje å ta matematikk R2, biologi 1, biologi 2, fysikk 1, geofag 1 eller 2, kjemi 1 eller teknologi og forskingslære 1 i staden for eitt eller to mediefag (grafisk design, tekst eller bilde). Med R1, R2 og fysikk 1 kvalifiserer ein til å studere ulike ingeniørfag. Andre kombinasjonar av realfag gjer at ein kvalifiserer til ei rekke realfagsstudium. Ta kontakt med rådgjevar om du er usikker på kva du bør velje.

Moglege fagval på medium og kommunikasjon:

	<b>Obligatoriske fagval:</b>	<b>Valfritt programfag (5 timer):</b>
<b>Vg1:</b>	Matematikk 1P eller 1T	
<b>Vg2:</b>	Matematikk 2P (3 timer) eller R1/S1 (5 timer)	Mediefag: Grafisk design, tekst eller bilde. Realfag: Biologi 2 eller fysikk 1.
<b>Vg3 (to fag):</b>		Mediefag: Grafisk design, tekst eller bilde. Realfag: Biologi 1 , biologi 2, fysikk 1, geofag 1 eller 2, kjemi 1, teknologi og forskingslære 1.